

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 3. mai 2018

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING / SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- ALTERNATIV ORGANISERING AV NAV TENESTENE I GULEN OG MASFJORDEN
- FORSKOTTERING PÅ MOMSKOMPENSASJON FOR PRESTEGARDSSTIEN TURLØYPE
- FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT. VEDLIKEHALD AV BYGG/EIGEDOM I GULEN KOMMUNE
- KOMMUNAL INTERESSE FOR Å OVERTA ANSVARET FOR TANNHELSETENESTA

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Kjære alle



Når eg skriv dette innlegget er eg nett komen heim frå UKM-konsert i Høyanger. Denne helga har det vore fylkesmønstring i UKM, med 4 konsertar, kunstutstilling, konferansierar og arrangørar i sving heile helga.

UKM, ung kultur møtest, er eit treffpunkt for ungdom, der ein møter jamaldringar som er interesserte i det å skape noko, og vise seg fram for kvarandre og eit stort publikum.

Det å ha ei scene der alt er proft tilrettelagt både med lys og lyd, og der ein bak scena kjenner på det å vere nervøs, samtidig som ein kjenner på fellesskapet, er fantastisk å oppleve.

Det er stort for biletkunstnarane å få stille ut bileta sine på ein profesjonell måte, og få dei presentert i programmet.

Det var mange unge med frå Gulen, både på scene, utstilling, konferansierar og arrangørar. Det var kjekt å sjå kor flinke dei var alle, og det såg ut som om dei hadde det skikkeleg kjekt.

Eg vert stolt av å få oppleve slikt, og håpar at det er enno fleire som melder seg på den kommunale mønstringa til neste år. Eg vil òg rette ei stor takk til dei leiarane som var med ungdommen vår i helga med Vivian Våge i spissen. De gjer ein kjempejobb for at alle skal trivest og ha det kjekt i lag med andre likesinna.

I ein rapport om vekst i private arbeidsplassar frå 2016 til 2017, kom Gulen ut som klart best i Sogn og Fjordane. Dette er svært gledeleg, og det viser at i Gulen har vi eit næringsliv som vil satse, og investere.

Vi har no til godkjenning fleire store reguleringsplanar i kommunen, noko som viser stor aktivitet. Det er mykje spennande som skjer i heile kommunen, og det å skape arbeidsplassar er det viktigaste vi kan for å få auke i folketalet. Arbeid er det viktigaste for å etablere seg.

Kommunen vil vere ein aktiv tilrettelegger for vekst i arbeidslivet, og med eit godt samarbeid med næringane klarar vi å få til ei god utvikling sjølv om arbeidsbyrda er stor.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Tilskot til veglys

I budsjett for 2018 har kommunen satt av kr. 100 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.

Kriterium for tilskot er som følgjer:

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir



Nytt for 2018 er eit obligatorisk søknadsskjema som må inn til saman med eventuelle vedlegg. Dette skjemaet er tilgjengeleg på:

<http://www.gulen.kommune.no/soeknadsskjema.113403.nn.html>, under overskrifta «Diverse» nedst på sida.

Me ber om at dei laga som allereie har sendt inn søknad, ettersendar dette søknadsskjemaet innan søknadsfristen. Søknadar som kjem inn utan dette skjemaet vil ikkje bli godkjend!

Send inn søknad og legg ved siste års rekneskap og årsmelding samt andre vedlegg til:

postmottak@gulen.kommune.no
innan søknadsfristen 1. juli 2018.

Teikn ditt skuleområde

Fylkeskommunen Sogn og Fjordane vil hjelpe oss vurdere gode løysingar på uteområda tilknytt skulane i Gulen. 02.05.2018 kjem vi til å gjennomføre synfaring av alle skuleområde, og inviterar til ope møte med informasjon og innspel på Dalsøyra



Samfunnshus kl. 17:30-20:30.

Eleva/føresette/tilsette/interesserte/brukarar av uteområda er hjarteleg velkommen!



Bli med på Strandryddeveka 30 april – 6 mai

I samanheng med den nasjonale strandryddedagen 5 mai, ynsker vi å legge til rette for STRANDRYDDE DAGAR i Gulen. NGIR bidreg med sekkar, hanskar og kontainer, og vi ryddar!

Vi samarbeider med Bergen og Omegn Friluftsråd, som saman med NGIR transporterar vekk big-bags frå øyar der vi er avhengig av helikopter. Vi er i dialog med Firda Sjøfarmer og Marine Harvest for frakting av avfall med båt med kran.

Vi legg opp til ein stor felles innsats lørdag 5. mai, men det er mogeleg å rydde heile veka. Det vil bli plassert kontainrar over heile kommunen. Følg «Frå vik til vik – Gulen» på facebook for informasjon.



Info frå Tannklinikken

Eivindvik tannklinik er bemanna med tannpleiar og tannhelsesekretær for tida. Det er endå ikkje tilsett vikar for vår faste tannlege som er i permisjon t.o.m. januar 2019. Prioriterte pasientar som har behov for tannlegebehandling vil bli henvist av oss til ein av våre naboklinikkar. Ta kontakt om noko er uklart.



Takk for minnegåvene

Gulen sjukeheim vil med dette takke for minnegåver som er gitt:

Rehabiliteringsavdelinga takkar for minnegåver gjeve ved Astrid Haveland og Jon Takle sine gravferder.

Langtidsavdelinga takkar for minnegåve gjeve til avdelinga ved Jakob Kløvtveit si gravferd, og for minnegåve gjeve til trivselstiltak for personalet ved Kristina Oppedal si gravferd.

Hjarteleg takk til dykk alle!

Venleg helsing

Rehabiliteringsavdelinga ved avd.spl Joy Palmer

Langtidsavdelinga ved avd.spl Sissel Kvame

Gulen sjukeheim vil med dette takke Eivindvik sanitetslag for bidrag på kr 10 000,- til taxasykkel (sykkel som

personalet kan ta med seg 1-2 pasientar på tur), som er no er innkjøpt. Dette håper vi skal bli eit positivt tiltak for våre pasientar og personale, på fine vår- og sommardagar.

Gulen sjukeheim v/einingsleiar Nina Haveland

Demens midt i livet, før 65 år



Møteplass for meistring på Fjordslottet på Osterøy 28. – 30. september 2018.

Invitasjon til kurs

Eit tilbod til deg som har fått Demens før 65 år, og din næraste pårørande. Kurset startar fredag føremiddag og vert avslutta søndag etter lunsj og inneheld forelesingar,

erfaringsutveksling i grupper, aktivitetar og mykje sosialt samvær.

Her kan ein møte andre i same situasjon, som ein kan dele erfaring med, og få kunnskap og støtte til å handtere ein ny livssituasjon. Det er avgrensa tal på plassar, så ver rask med påmelding. Frist for påmelding: 07.09. 2018.

Eigendel: kr. 1000,- for kost og losji per par. Reiseutgifter på meir enn kr 1000,- per par vert dekkja.

Spørsmål knytt til reise og opphald, kan rettast til: Ingvild Tjønn Hansen, Nasjonalforeningen for Folkehelsen. Tlf. 55 31 15 41 e-post:

inha@nasjonalforeningen.no

Spørsmål knytt til program på kurset, kan rettast til: Solgunn Knardal, NKS Olaviken, Tlf. 56 15 10 20. e-post:

solgunn.elisabeth.knardal@olaviken.no

Spørsmål knytt til påmelding, betaling og anna: Prosjektledar/sjukepleiar Marit Fossberg, Aldring og helse. Tlf. 90 03 46 04. e-post: mestringskurs@aldringoghelse.no

Hukommelsesteamet i Gulen, Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og Oddny Trædal tlf. 95 70 25 51.

Gulatinget

Rekonstruksjon av Gulatingseglet


Gulatingseglet har no blitt rekonstruert. Rekonstruksjonen er gjort ut frå nitide studiar av avtrykket i voks som er det einaste som er att etter det originale seglet. Professor Jørn Øyrehagen Sunde meiner at Gulatingseglet og Frostatingseglet var veldig like, men med nokre hovudskilnader: Symbolikken i Gulatingseglet syner at kongen i dette ikonet vert gjeven både verdsleg og åndeleg makt, medan kongen i Frostatingseglet berre vart gjeve verdsleg makt. Begge segla har og ein inskripsjon i ytterkanten der det står «Sigillum communitatis de - og så hvv Gulathing eller Frostathing. Kunstnaren Charlotte May Rintler frå Stongfjorden har utført arbeidet. Så no må vel ordføraren få nytt emblem i ordførarkjedet sitt?



Digitalisering av Gulatingslova

Gulatingslova (Rantzauboka) er no for første gang i historia avfotografert side for side med høgoppløselige blider, på oppdrag av Gulatingsprosjektet. Dette som ein lekk i arbeidet med å lage ein replika av lova. Bilda kan blåstast opp slik av kvar side i lova no kan studerast i detalj, utan å måtte reise til København, og utan at det skjøre originaldokumentet må hentast ut av velvet der det ligg lagra i dag. Det er Handskriftsavdelinga til Det Kongelige Biblioteket i København som har Rantzauboka, eller «Codex Rantzovianus» som den heite på latin. Der havna den etter at Christian Rantzau, som var dansk statthaldar i Noreg, samla alle sidene i lova

og fekk dei bundne inn. På 1731 donerte han lovsamlinga til biblioteket, og der ligg den i dag. Digitaliseringa gjer at ein no kan sjå korleis han som ein gang i tida skreiv lova, har merka opp støttelinjer i arket for å få skrifta bein. Neste steg i arbeidet vert å gjere materialet tilgjengeleg og søkbart på nett.



Gulatinget som reisemål

Turistinformasjonen i Bergen kjem på synfaring til Gulen i april. Gjennom samarbeid med innkomande turoperatørar og dei store transportørane i fylket skal det prøvast ut daglege avgangar frå Bergen til m.a. Gulatinget. Dette vil gje auka trafikk til regionen framover. Gulen har mykje å by på for turister. Alle er interessert i å få vite meir om Gulatinget og vikingtida, og Gulen ligg midt i kjerneområdet for dei mest spennande hendingane i vikingtida. Vi må rigge oss for å kunne ta i mot besøkande på skikkeleg vis, slik at vi skapar arbeidsplassar. I dag syter trafikken for verdiskaping hos lokale transportørar, hotell, lokale matprodusentar og opplevingsbedrifter. I framtida kan Gulen leve av turisme i tillegg til den næringa vi har i dag. Men det krev at vi posisjonere oss for framtida og utnyttar den unike plassen Gulen har i historia. Fylkeskommunen har no sett av midlar til besøkssenteret på Tusenårsstaden. Senteret er planlagt som eit VilVite senter, som vil bli ein unik

attraksjon i Ytre Sogn. Firmaet Gagarin som har utvikla formidlingskonseptet for Gulatinget har laga fantastiske interaktive utstillingar over heile verda som vert godt besøkt. Får dei realisere planane som er laga for Gulatinget, vil det trekke folk til Gulen frå heile verda, og bidra vesentlig til verdiskapinga i kommunen.

Anne Hopland
Dagleg leiar Tusenårsstaden Gulatinget



- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100